

# Linja

## Tilleggssøknad for ny 132 forsyning til Florø.



Utarbeida av Linja AS oktober 2023.

# Føreord/Samandrag

Linja legg i dette dokumentet fram søknad om konsesjon, ekspropriasjonsløyve og førehandstiltredning for ein ny 132 kV forbindelse i Kinn kommune.

**Dette er ein tilleggssøknad til konsesjonssøknad for 132 kV Florø, sendt til NVE 18.01.23, saksnummer 202205063.**

Linja vil søke om ein ny kabeltrase frå Botnaneset trafostasjon til Florø trafostasjon i Kinn kommune.

## Innhold

|                                                                        |          |
|------------------------------------------------------------------------|----------|
| <b>1. Generelle opplysningar.....</b>                                  | <b>3</b> |
| <b>1.1 Om søkeren.....</b>                                             | <b>3</b> |
| <b>1.2 Kort skildring av tiltaket .....</b>                            | <b>4</b> |
| <b>1.3 Kva søker Linja om .....</b>                                    | <b>4</b> |
| <b>1.4 Andre løyve.....</b>                                            | <b>5</b> |
| <b>2. Skildring av ny omsøkt trase .....</b>                           | <b>5</b> |
| <b>3. Verknad på miljø, naturressursar og samfunnsinteresser .....</b> | <b>6</b> |
| <b>4. Jamføring og prioritering av alternativ .....</b>                | <b>6</b> |
| <b>5. kostnader .....</b>                                              | <b>6</b> |

# 1. Generelle opplysningar

Tiltakshaver og søker i denne konsesjonssøknaden er Linja AS, som også vil eie og drifte de omsøkte anleggene.

## 1.1 Om søkaren


Linja er eid av Sogn og Fjordane Energi AS, Tafjord Kraft AS og Tussa kraft AS, og eier og drifter regional – og distribusjonsnettet fra Sunnmøre i nord til Sognefjorden i sør.

Linja sitt nett består av rundt 11 000 km med strømledninger og 61 transformatorstasjoner, som sørger for strømforsyning til rundt 100 000 kunder.

Fram mot 2040 er både forbruk og produksjon i Linja sitt område ventet å stige. For å møte denne utviklingen må Linja kontinuerlig utvikle strømnettet, og sørge for nok overførings – og reservekapasitet.

## 1.2 Kort skildring av tiltaket

Tiltaket ein søker om skal ligge i Kinn kommune (Vestland Fylke). Sjå figur 1.



Figur 1 : Anleggets lokasjon

Etter innsendt søknad har Linja fått forespørsel frå Kinn kommune om samarbeid om ny kabelgrøft i Florø. Linja ønskjer derfor å søkje eit nytt trasealternativ der ein følger ny grøft ilag med Kinn kommune.

## 1.3 Kva søker Linja om

Linja søker her om følgende rettar for dei anlegg som er skildra i kapittel 2 og spesifisert i kapittel 3 og 4 av denne konsesjonssøknaden.

### A) Anleggskonsesjon

I medhald av lov av 29.06.90 nr. 50 «Energilova» §3-1, vert det søkt om anleggskonsesjon for bygging og drift av dei anlegg som er spesifisert i kapittel 3 i konsesjonssøknaden.

### B) Oreigningsløyve

Linja AS tek sikte på å inngå minnelege avtalar med grunneigar. I tilfelle forhandlingar ikkje fører fram vert det søkt, i medhald av lov av 23.10.1959 nr.3 "Oreigningslova" §2, om oreigningsløyve for alle dei rettar som trengs for bygging og drift av dei spesifiserte anlegga i kapittel 3.

### c) Førehandstiltredning

I medhald av "Oreigningslova", §25, vert det søkt om løyve til å ta rettane i bruk slik at anlegga kan byggast før rettskraftig skjønn er halde. Bakgrunnen for å søke om dette er at samfunnsøkonomiske verdiar går tapt dersom dei elektriske overføringsanlegga ikkje vert ferdige i tide.


## 1.4 Andre løyve

Viser til konsesjonssøknad datert januar 2023, kapitel 2.6 Øvrige nødvendige tiltalser.

## 2. Skildring av ny omsøkt trase

Den nye omsøkte traseen 6A er ein variasjon av alternativ 6.0 og 7.0, som går slik at kabel blir lagt gjennom offentlig veg og på Kinn kommune sin eigedom. Sjå figur 2.

Total lengde på sjøkabel i alternativ 6A er 500 meter. Totallengde på jordkabel frå Melkevika til Florø Trafostasjon er 1200 meter.



Figur 2: syner omsøkte kabeltrasear frå Botnaneset trafostasjon til Florø trafostasjon.

Linja ønskjer å behalde alternativ 6.0 og 7.0 som omsøkte alternativ inntil Kinn kommune har fått løyve til ny kabelgrøft.

### 3. Verknad på miljø, naturressursar og samfunnsinteresser

Kinn kommune vil uavhengig av samarbeid med Linja planlegge og søke løyve om ny kabeltrase i området beskrive i kapitel 2. Verknaden på natur og miljø vil derfor bli svært liten som følgje av ny 132 kV jordkabel i dette området. Ny 132 kV jordkabel vil føre til ei utviding av trasebreidda på 1-2 meter.

### 4. Jamføring og prioritering av alternativ

Linja AS prioriterer alternativ 6A og sidestiller alternativ 6.0 og 7.0 som sekundære alternativ. Linja ser på alternativ 6A som ei betre teknisk løysing då ein kan legge større trekkerør enn det er lagt i alternativ 6.0. Alternativ 6A vil ha lågare kostand enn alternativ 7.0. og tilsvarande kostand som alternativ 6.0 i opprinneleg søknad.

### 5. Kostnader

Linja viser til konsesjonssøknad datert januar 2023, kapitel 10 for vurdering av kostnad.